

Notat

Dato: 06.12.2016
Arkivsak: 2014/22618-44
Saksbehandlar: sveheg1

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål i OPHE om saksutgreiinga knytt til eventuell flytting av påbygg frå Fitjar vgs til Stord vgs**PS 297/16 (fuv) - Justering av tilbodsstrukturen skuleåret 2017/2018**

Tilrådinga i høyringsframlegget til skulebruksplanen var å leggje ned Fitjar vidaregåande skule. Under punkt 6.3.10.1 står mellom anna: «Skuleåret 2015/16 er det 248 elevar ved Fitjar vgs. Nær 70 % av elevane kjem tilreisande frå Stord kommune, medan omkring 15 % av elevane kjem frå Fitjar kommune. Dei resterande elevane kjem i hovudsak frå nabokommunar i Sunnhordland» (side 51).

Fylkestinget gjorde i sak PS 72/2016 Rullering av skulebruksplanen 2017-2030 slikt vedtak om Fitjar vidaregåande skule: «Fitjar vgs vert vidareført. Programfag for påbygg vert vurdert flytta til Stord vgs for å utnytta ledig kapasitet, og leigeavtalen skulen har for tilleggsareal, vert avvikla».

Fylkesrådmannen vurderer det slik at påbygg innhaldsmessig er nært knytt til studieførebuande utdanningsprogram. I skulebruksplanen er det generelt argumentert for å samle og styrkje fagmiljø, og dette er ikkje mindre aktuelt for påbygg. Fylkestinget har sagt frå om at flytting av påbygg skal vurderast, og fylkesrådmannen meiner det er rett å gjere denne vurderinga no.

I PS 297/16 rår fylkesrådmannen til at påbygg som byggjer på vg2 yrkesfag (Vg3 PÅ), held fram på Fitjar vgs skuleåret 2017/18, medan tilbodet som byggjer på avslutta yrkesfag (Vg4 PÅ), blir flytta til Stord frå og med same skuleår. Grunngevinga er at ei flytting i to etappar vil gjere det lettare for Fitjar vgs å tilpasse seg redusert tilbod. Stord vgs har kapasitet til å ta mot alle elevane på påbygg.

I tillegg til argumentet om å samle fagmiljø meiner fylkesrådmannen det også er naturleg å leggje vekt på kvar elevane som går på påbygg, kjem frå. Denne oversikta viser fordelinga for dei tre siste skuleåra:

Skuleåret 2014/15: 2 elevar frå Fitjar, 10 elevar frå Stord, 2 elevar frå Bømlo, 1 frå Kvinnherad, 1 elev frå kvar av kommunane; Bergen, Osterøy, Sogndal og Oslo: 20 elevar dette skuleåret.

Skuleåret 2015/16: 1 elev frå Fitjar, 11 elevar frå Stord, 3 frå Bømlo og 1 frå Austevoll: 16 elevar dette skuleåret

Skuleåret 2016/17: 1 elev frå Fitjar, 8 elevar frå Stord, 2 frå Bømlo, 1 frå kommunane Austevoll, Kvinnherad og Fedje; 14 elevar dette skuleåret

Samandrag dei tre siste skuleåra for kommunane Fitjar, Stord og Bømlo; 4 elevar frå Fitjar, 29 elevar frå Stord, 7 elevar frå Bømlo.

Fylkesrådmannen har merkt seg at elevtalet på påbygg har gått ned kvart år sidan 2014.

Som argument mot flytting av Vg4 PÅ kan nemnast at Fitjar vgs til no har fylt opp ledige plassar på Vg4 PÅ med søkjarar frå ventelista til Vg3 PÅ. Ut frå søkjartala dei siste åra skal ein ikkje sjå bort frå at skulen framleis får to klassar på Vg3 PÅ, sjølv om Vg4 PÅ blir flytta til Stord.

På ordinært Vg3 PÅ er det også ei overvekt av elevar frå Stord, men også fleire frå Fitjar jamført med Vg4 PÅ. Dei aller fleste av desse elevane kjem frå skulen sine egne Vg2-tilbod, eller er tidlegare elevar frå Vg2 ved skulen.